

Møtereferat FAU-møte ved Sædalen skole

Dato	20. januar 2026
Tid	19.00–21.00
Sted	Sædalen skole, kjøkken

Tilstede:

1. Trinn: Elizabeth Brosvik Nepstad
1. Trinn: Stine Margrete Mikkola
2. Trinn: Vegard Ytrebø
2. Trinn: Gunn-Therese Sørland
3. Trinn: Britt Nygard Tvilde
3. Trinn:
4. Trinn:
4. Trinn:
5. Trinn:
5. Trinn: Charlotte Wiik
6. Trinn: Katrine Rasmussen
6. Trinn:
7. Trinn: Line Sofie Wiklund
7. Trinn: Grethe Tufte
Rektor: Birgitte Leirhol
Guro Gjesdal (Sædalen IL) Randi Hopland (styreleiar Helgetun) og Normann Natland var tilstades på punkt Nr 3.

Nr	Sak	Beslutning/Diskusjon
1	Valg av referent	Britt Nygard Tvilde (etter liste)
2	Godkjenning av innkalling	Godkjent
3	Normann Natland – Beboer på Helgetun, informerer om initiativ angående dugnadsarbeid på turområdene i nærmiljøet. Sædalen IL deltar også på denne delen av møtet.	Rieber-fondene ynskjer å knytte bånd mellom generasjonar. (Ein kan lese om dei på internett.) Rieber-fondene (har laga turstiar på Askøy, Smøråsfjellet) har ynskjer for Nattlandsfjellet tilknytt mot Ulriken, men i utgangspunkt frå Sædalen. Rieber bidreg med kostnad. Arbeidet må gjerast av dugnadskrefter. I samarbeid, skule, idrettslag og Helgetun.

		Dei ser føre seg stiar, gapahukar, klopper. Stiane dei ser for seg er utbetring av stiar som alt er eller har vore. Sædalen skole er positive og ynskjer å bidra. Tankar som å ta det med i undervising som prosjekter. FAU er positive til prosjektet.
4	Informasjon fra rektor	Trafikk: Det er mykje trafikk og kaotisk rundt 8:28 kvar morgon. Rektor oppfordrar til at det blir slutt på å køyre born til skulen. Det er alltid mykje ledig plass på parkering før skulen dersom ein vil køyre dei. Mobil: 7. trinn: Mykje uttrygt rundt skulen. Regel: Dersom den må være med på skulen skal den være avslått og i sekken. (Det har ikkje vore mobilhotell, og det er ikkje ynskjeleg. Det er då synleg kven som har kva mobil og mange prøver å lure systemet.) Foreldre må snakke med borna om at ein ikkje treng ha med mobilen på skulen. 4. trinn. Ein del uro. Samarbeid med BKL (Bergen kompetansesenter for læringsmiljø) for tida då det er uro der. Det er laga reglar for fotballbanen. (Ikkje lov å sklitakle t.d.) Dei har grøne, gule og raude kort i klassen der for tida. Dei vaksne er dommararar og dette gjeld, sjølv om det av og til føles urettferdig. Raudt kort ved truslar og banning t.d. Dette gjeld ikkje alle. Det er vurdert til at skulen per no ikkje kallar inn til foreldremøte, og at informasjon angående dette blir sendt som «ukesbrev». Skidag på Totland: Mellomtrinnet. Kostnad er buss.
5	Har skolen føringer for akebrett i skoletiden?	Det er reglar for aking. Ikkje lov med rattkjelkar. Berre lov med rumpeakebrett, og det er lærar ved akebakken, og der er det reglar for når dei kan ake. Ved turdag kan det komme andre vurderingar.
6	Kvalitetsdialog – «Hvordan kan foreldre støtte barna i deres bruk av teknologi?»	Det er planlagt dialogmøte 17. mars frå klokka 14-1600. FAU skal legge fram sitt arbeid med oppdraget «Hvordan kan foreldre støtte barna i deres bruk av teknologi?» Hvordan kan FAU bidra til å heve foreldrenes kompetanse på barns bruk av teknologi?

		Dette er oppfølging frå møte «Digital samling» 8. desember. Representantar frå FAU og rektor var på møtet. PowerPoint frå møtet ønsker ein å få.
7	Foreldrekveld i 2026 – Status?	Barnevakten er spurt. Dei er positive og kan stille. Dato må settast.
8	(Fra forrige møtereferat) Smarttelefonfri barndom: Skal FAU på Sædalen skole fatte vedtak om å gå inn for smarttelefonfri barndom? Egen veileder på smarttelefonfrikverdag.no med en plan som kan følges. Et evt. vedtak fra FAU kan ikke og skal ikke legge føringer for hva den enkelte forelder bestemmer for egne barn. Det er ment som en støtte og en ønsket retning. FAU jobber videre med saken, og tar det opp igjen på neste møte. På flere trinn har allerede mange smarttelefon. Sosiale medier og digital dannelse er vel så viktig der. Tema for foreldrekveld til våren: Barnevakten har gode temakvelder for både foreldre og barn om sosiale medier.	Dersom det skal gjerast vedtak må dette skrivast klart før eit møte og så godkjennast ved møte. FAU ynskjer å fatte vedtak. Dette bør vere klart før skulestart 2026, men med målsetning at dette trer i kraft litt fram i tid.
9	Refleksaksjonen avsluttes fredag 23. januar. Trekning/Annonsering av vinnere?	Beste trinn får og loddtrekning blant dei som har over 75%. Pizzalunsjen blir avtalt med skulen/trinnet.
10	Nærmiljø, kvalitet og sosial gruppe	
11	Dato for nytt FAU-møte	17.02.2026 (kl 19-21)
12	Evt.	Beintøft som forslag til å redusere trafikk til skulen.